

Statens vegvesen

Møteinnkalling

Til: Eva Vinje Aurdal, Tore Johan Øvstebø, Øystein Tvedt, Kristin Sørheim, Anders Riise, Kjetil Strand, Ove Nesje, Liv Kjersti Finholt, Torbjørn Vatnehol, Sunniva Ullavik Erstad, Nils Inge Romarheim, Ole Kristian Birkeland, Marius Maske.

Kopi: Carl Johansen, Vebjørn Krogsæter, Arild Fuglseth.

Fra: Sekretariatet for Bypakke Ålesund.

Saksbehandler: Nils Inge Romarheim

Tlf. saksbeh. 906 59 309

Vår dato: 08.03.2022

Møte i styringsgruppe for Bypakke Ålesund – Møte 2/2022

Møtested:	Teams
Møtedato:	11.03.2022
Møtetid:	1200 – 1400
Møteleder:	Tore Johan Øvstebø

Saksliste

Punkt	Sak	Innleder / Ansvar	Tid
1	Innleiing ved leiar for styringsgruppa.	Tore Johan Øvstebø	1200 – 1205
2	Orientering om takstvedtak for Bypakke Ålesund.	Marius Maske	1205 – 1215
3	Innkrevingsstart for bomstasjonar.	Nils Inge Romarheim	1215 – 1235
4	Kommunikasjonsstrategi for Bypakke Ålesund. Forslag til vedtak: Styringsgruppa vedtek ny kommunikasjonsstrategi for Bypakke Ålesund, som skal gjelde for perioden 2022 – 2025. Kommunikasjonsstrategien kan reviderast etter behov gjennom behandling i styringsgruppa.	Sunniva Ullavik Erstad	1235 – 1305
5	Oppstartsvedtak Snuplass Slinningen.	Liv Kjersti Finholt	1305 – 1315
6	Årsrapport 2021.	Nils Inge Romarheim	1315 – 1335
7	Eventuelt. – Nytt møte i styringsgruppa. ○ Møte før påske	Nils Inge Romarheim	1335 – 1345

Styringsgruppa for Bypakke Ålesund

Ålesund kommune: Ordførar Eva Vinje Aurdal, Tore Johan Øvstebø (leiar) og Øystein Tvedt.
Vara: Vebjørn Krogsæter.

Møre og Romsdal fylkeskommune: Kristin Sørheim og Anders Riise. Vara: Carl Johansen.

Statens vegvesen: Leiar Transport midt, Kjetil Strand, og leiar Utbygging midt, Ove Nesje.

Sekretariatet for Bypakke Ålesund

Ålesund kommune: Liv Kjersti Finholt.

Møre og Romsdal fylkeskommune: Torbjørn Vatnehol.

Statens vegvesen: Nils Inge Romarheim (leiar).

Kommunikasjon: Sunniva Ullavik Erstad.



Statens vegvesen

VEGAMOT AS
Postboks 6052

7434 TRONDHEIM

Behandlende enhet:
Vegdirektoratet

Saksbehandler/telefon:
Siv Johanne Wisthus-Nohr /
75552962

Vår referanse:
20/233083-20

Deres referanse:
Roy Margido Halseth

Vår dato:
11.02.2022

Takstvedtak for Bypakke Ålesund

Vegdirektoratet har mottatt søknad av 2. februar d.å. fra Vegamot AS, om takstvedtak for oppstart av innkrevingen i prosjektet Bypakke Ålesund.

Utbygging og finansiering av Bypakke Ålesund er omtalt i Prop. 201 S (2020–2021) Innst. 654 S (2020–2021) og vedtatt i Stortinget 15. juni 2021.

Gjennomsnittstaksten er beregnet til 19,50 kr i 2021-prisnivå. Med utgangspunkt i dette, godkjenner Vegdirektoratet følgende takst- og rabattopplegg for Bypakke Ålesund:

Tabell 1: Ordinære takster i 2021-kr

Bomstasjoner (13)	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
1 E136 - Øst for Ysteneskrysset 2 Ved fv. 6214 Borgundvegen 44 (Kliprasenteret) 3 På nye E136 Lerstad 4 På E136 Lerstadvegen 5 På fv. 6214 Borgundvegen 6 På fv. 5948 Brusdalsvegen, vest for påkøyringsrampa til E39 i Brusdalen 7-8 Rampe, til og fra E39 Brusdalen (øst) 9-10 Rampe, til og fra E39 til Moa og Breivika 11-12 Rampe, til og fra E39 Spjelkavika 13 Fv. 6210 Blindheimsbreivika	Kr 26	Kr 52

Takstgruppe 1 er kjøretøy med tillatt totalvekt til og med 3 500 kg. Takstgruppe 2 er kjøretøy med tillatt totalvekt over 3 500 kg. Personbiler med tillatt totalvekt over 3 500 kg registrert i kjøretøykategori M1 i Autosys med gyldig brukeravtale og elektronisk brikke, får takster som kjøretøy i takstgruppe 1.

Postadresse
Statens vegvesen
Vegdirektoratet
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Dreyfushammarn 31
8012 BODØ

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Følgende rabatter gjelder for kjøretøy med gyldig brukeravtale og brikke:

- 20 pst. brikkerabatt for kjøretøy i takstgruppe 1.
- Timesregel på tvers av alle bomstasjonene for kjøretøy i takstgruppe 1 og 2.
- Passeringstak på 60 passeringer per kalendermåned for kjøretøy i takstgruppe 1.
- 50 pst. rabatt for nullutslippskjøretøy i takstgruppe 1.
- 100 pst. rabatt nullutslippskjøretøy i takstgruppe 2.

Det gis fritak ifølge enhver tids gjeldende takstretningslinjer. Per i dag gjelder følgende:

- Passasjerer i alle typer kjøretøy
- Gående og syklende
- Motorsykler og mopeder
- Kollektivtransport i konsesjonert rute*
- Uniformerte utrykningskjøretøy, samt sivile utrykningskjøretøy i tjenesteoppdrag*

Fritaksordninger merket med * forutsetter gyldig brukeravtale og elektronisk brikke.

I tillegg kan det etter søknad til bompengeselskapet innvilges fritak for forflytningshemmede i bomringer. Fritaket forutsetter gyldig brukeravtale og brikke, samt framlegg av parkeringstillatelse i henhold til forskrift om parkeringstillatelse for forflytningshemmede. Parkeringstillatelsen og brukeravtalen skal stå i samme navn. Unntaket er når barn under 18 år er innehaver av parkeringstillatelsen.

Takstvedtaket skal annonseres av Vegamot AS senest 4–6 uker før gjennomføring. I annonseteksten skal det orienteres om at det er mulig å klage på takstvedtaket, og at Samferdselsdepartementet er klageinstans.

Brukerfinansiering

Med hilsen

Åge K. Jensen
Avdelingsdirektør

Siv J. Wisthus–Nohr

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Vedlegg: 1

Sak 3 – Innkrevingsstart for bomstasjonar.

Bakgrunn.

Bypakke Ålesund er delfinansiert av bompengar og i Prop. 201 S Utbygging og finansiering av Bypakke Ålesund, er det i tråd med lokalpolitiske vedtak fastsett ein innkrevingsperiode på inntil 15 år med planlagt oppstart i 2022.

Innkrevingsstart.

I førre møte i styringsgruppa la sekretariatet fram to alternativ som styringsgruppa kunne vurdere i høve fastsetjing av ein oppstartsdato for innkreving av bompengar.

Det første alternativet var oppstart så snart bomstasjonane er ferdige og klar til oppstart. Dette var anslått til å vere i løpet av juni. Det andre alternativet var i august rundt skulestart.

No visar det seg at oppstart i juni ikkje lenger er eit alternativ av di arbeidet med bomstasjonane er forseinka i høve til opprinneleg framdriftsplan. Forseinkinga gjeld prosessen med grunnerverv og skuldast fråvær på nøkkelpersonell som følge av pandemien. Ein står dermed att med oppstart i august som det einaste reelle alternativet.

Fram og fylkeskommunen vil i år gjere fleire tiltak for å få til eit meir effektivt ruteopplegg og ei raskare framføring av kollektivtrafikken. Ein jobbar mot at ei omlegging i kollektivtilbodet kan setjast i verk frå 22. august. Dette vil gje dei reisande ei betre reiseoppleving enn det dagens tilbod gjev dei. Når ein startar bompengennkrevinga så kan ein sjå for seg at fleire vil vurdere eigne transportvanar og teste ut kollektivtilbodet. Det vil såleis vere gunstig å starte bompengennkrevinga samstundes med at omlegginga i kollektivtilbodet vert sett i verk. Med ei betra reiseoppleving er det mogleg at ein får ei større varig overgang til kollektiv, og auke i bruk av kollektiv er ein del av målet til bypakka. Sekretariatet føreslår derfor at styringsgruppa vedtek at innkreving av bompengar for bypakka startar 22. august. Då vil ein ha tid til å teste ut systemet og ein vil ha driftspersonell på plass slik at ein raskt kan få retta eventuelle feil i oppstarten. Kommunikasjonsmessig er dette også eit gunstig tidspunkt i forhold til å køyre i gang aktuelle kommunikasjonsiltak.

Kommunen vil ferdigstille snuplassen på Slinningen i år og jobbar for å få klart så mykje som mogleg innan august. Om ein ikkje skulle kome heilt i mål innan august så vil ein likevel klare å gjennomføre omlegginga av ruteopplegget, slik at ein får raskare framføring av kollektivtrafikken og ei betre reiseoppleving.

Sekretariatet har i samarbeid med Vegamot sett på økonomien for bypakka med ein oppstart av innkreving i august. Fylkeskommunen har stilt garanti for eit maksimalt låneopptak på 1.600 mill. kroner. Ein må altså ha ei framdrift i porteføljen som gjer at gjelda i bompengeselskapet heile tida er lågare enn 1.600 mill. kroner. Med dei føresetnadene som ligg til grunn i dag, er vi med gjeldande handlingsprogram og utbyggingsplan innanfor kravet. Ein ligg likevel så tett på at det ikkje er mogleg å forsere framdrifta i forhold til gjeldande framdriftsplan. Om rentenivået skulle auke meir enn føresett, om ein får større overskridingar på enkeltprosjekt eller om ein får svikt i inntektene, så kan det verte behov for å justere framdrifta for porteføljen. Det er i 2028 og 2029 ein ligg tettast opp mot maksimalt låneopptak.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa vedtek at innkreving av bompengar for Bypakke Ålesund vert sett i verk 22. august 2022.

Vedlegg sak 3 – Innkrevingsstart for bomstasjonar

Om ruteomlegginga i Ålesund frå 22. august 2022


Ruteomlegginga som skal gjennomførast i Ålesund frå 22. august 2022 er ein del av ein langsiktig plan for utvikling av busstilbodet i Ålesund (beskrive i dokumentet Plan for utvikling av busstilbodet i Ålesund byområde fram mot 2030).

Rutetilbudet


Stamlinjer

Utviklingsplanen tilrår eit høgfrekvent rutetilbod på stamlinjer som skal knyte saman dei største knutepunkta og målpunkta. Stamlinjene bør ha fast frekvens og lang opningstid.


I figuren under ser vil korleis tilbødet kan sjå ut fordelt over dagen frå 06.00 til 24.00. Rød strek (nedst) viser det faste tilbødet – ideelt minst to avgangar i timen på stamlinjer. Mørk strek (i midten) viser korleis tilbødet forsterkast frå morgonen til klokka 20.00, og dei to grønne linjene øvst viser korleis tilbødet blir ytterlegare forsterka i høgtrafikkperiodar.



Linje 1 Hessa-sentrum-Moa-Myrland



Linje 2 Sentrum-Moa-Flisneset-Magerholm



Tiltak	Verknad
Høg frekvens	Frekvens erstattar korrespondanse i bybussnettet. Dersom det er avgangar oftare enn kvart 15 minutt, vil kundane kunne velje avgangar som passar med vidare reise.
Unngå korrespondansar	Uavhengigheit mellom dei ulike linjene er ein føresetnad for effektiv drift i krevjande trafikk. Det betyr at korrespondanse mellom dei ulike rutene i eit bybuss-nettverk ikkje skal være nødvendig.
Fast trase	Å unngå variasjonar gjennom driftsdøgnet og ha mest mogeleg same trasé på dagtid, kveld og helg gjer rutetilbodet forståeleg og føreseieleg.
Pendelruter	Pendelruter betyr same trasé i begge retningar og regulering ved snuplass/endestopp utanom sentrum gir redusert reisetid.
Gateterminal i sentrum og på Moa	Ved å bruke stopp i Borgundvegen ved Moa og gateterminal i sentrum blir reisetida redusert for reisande som reiser gjennom knutepunkta.
Enkel rutenummerering	Med færre rutenummer blir det enklare å forstå tilbodet.

Tabellen over viser tiltak som er viktige når nye det skal utarbeidast nye rutetabellar for stamrutene.

Lokallinjer

Lokallinjene er supplement til stamlinjene, bidrar til auka flatedekkande. I hovudsak er dette tilbod til/frå knutepunkt. Det er eit mål at rutene har fast og føreseieleg frekvens tilpassa behovet til dei reisande. Lokallinjene har avgrensa opningstid.

Dette er lokallinjene:

- Linje 10 Fjelltun-sentrum
- Linje 11 Larsgården-sentrum
- Linje 12 Sentrum-Lerstadbakken-Moa-Fremmerholen – pendelrute

- Linje 13 Olsvika-Moa-sjukehuset – pendelrute med endestopp på sjukehuset og i Olsvika
- Linje 14 Moa-Humla
- Linje 15 Moa-Glomset-Valle
- Linje 16 Moa-Brusdalen-Valle
- Linje 17 Moa-Utvik
- Linje 18 Servicelinja Ålesund

Kommunikasjonstiltak

Det viktigaste FRAM kan gjere, er å gi kunden informasjon der kunden er. Skilting og haldeplassoppslag kan vere ein del av dette, men det er og viktig å bruke andre tilgjengelege kanalar. Digitale kanalar som mobilappen (FRAM-appen), Google, etc. kan gi kunden god og relevant informasjon. Vidareutvikling av denne typen kanalar er viktig.

Terminalstandard og haldeplasstandard

Ein heilskapleg terminalstrategi og haldeplasstandard vil vere eit godt hjelpemiddel for å systematisere arbeidet med å sørge for gode kundefasilitetar og god kundeinformasjon. Slike strategiar kan mellom anna seie noko om at ein haldeplass med eit minimum tal påstigande skal ha visse informasjonselement, medan haldeplassar med færre påstigande kan ha andre krav. Fylkeskommunen, ved FRAM, meiner at ein haldeplasstandard er heilt nødvendig for å kunne arbeide systematisk med haldeplassane, og vil jobbe for at dette blir prioritert.

Kommunikasjonstiltak som er høgt prioritert for Ålesund

- Ny, enklare nummerering av busslinjene – med få stamlinjer (1-2) og lokallinjer (f.eks. 10-18)
- Utarbeiding av linjekart for Ålesund i tråd med ny linjestruktur
- Merking av alle haldeplassar på stamlinjene med kva linje som går der, linjekart og informasjon om rutetider.
- Kartlegge og om mogleg få sanntidsinformasjon på dei største haldeplassane på stamlinjene.

Kommunikasjonsstrategi

2022 – 2025



Eit samarbeidsprosjekt mellom Ålesund kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens vegvesen



Innhald

1. Introduksjon	3
2. Kven er målgruppa vår?	3
3. Kva kommunikasjonsutfordringar har vi?	3
4. Korleis gjer vi det?	4
5. Kva kanalar skal vi nytte?	5
6. Korleis skal vi jobbe med kommunikasjon i prosjekta?	5
7. Kven sitt ansvar er det?	6



1. Introduksjon

Bypakke Ålesund er eit samarbeidsprosjekt mellom Ålesund kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens vegvesen. Vi skal ruste Ålesund for framtida med miljøvennlege og effektive samferdselsløysingar.

Dei overordna måla til bypakken er å skape eit påliteleg og effektivt transportsystem for alle transportformer, bidra til å utvikle eit framtidsretta kollektivtilbod og bidra til ei attraktiv og berekraftig byutvikling. Kommunikasjon er eit viktig verkemiddel for å nå desse måla.

Kommunikasjonsstrategien til Bypakke Ålesund er eit overordna dokument, og tek for seg dei generelle måla og prinsippa for kommunikasjonsarbeidet. Kvart år skal vi utarbeide ein tilhøyrande handlingsplan med meir konkrete kommunikasjonsiltak. Handlingsplanen skal vere basert på kommunikasjonsstrategien, handlingsprogrammet og utbyggingsplanen, og vil sei noko om kvar hovudfokuset for kommunikasjonsarbeidet skal vere det året. I tillegg skal alle prosjekt ha ein eigen kommunikasjonsplan før byggestart, som beskriv kommunikasjonsarbeidet før, under og etter byggearbeid/iltak.

Styringsgruppa er øvste organ for Bypakke Ålesund, og dei som vedtek kommunikasjonsstrategien med eventuelle revisjonar. Alle partane er pliktige til å følgje kommunikasjonsstrategien for all kommunikasjon om Bypakke Ålesund og prosjekta våre.

Bypakke Ålesund vart vedtatt i Stortinget i juni 2021, og vi gjekk dermed inn i ei ny fase. Denne kommunikasjonsstrategien tek for seg perioden 2022 – 2025. Denne perioden vil vere prega av oppstart av mange prosjekt, og ferdigstilling av fleire små og mellomstore prosjekt. Det største prosjektet, Breivika – Lerstad, blir bygd i perioden og er planlagt ferdig i 2026. I 2022 blir det også innføring av bompengar, og vi forventar at det vil påverke kommunikasjonsarbeidet dei første åra.

2. Kven er målgruppa vår?

Alle som bur i, jobbar i eller besøker byen vår er i målgruppa for Bypakke Ålesund sitt kommunikasjonsarbeid. Nokre konkrete målgrupper som vi skal jobbe meir målretta med er:

- Innbyggjarar i regionen
- Lokalt næringsliv, med spesielt fokus på private og offentlege verksemdar med vesentleg transportbehov, mange tilsette eller mange besøkande (til dømes handelsnæringa)
- Media
- Politikarar i Ålesund kommune, fylkeskommunen og nærliggande kommunar
- Tilsette hos partane

3. Kva kommunikasjonsutfordringar har vi?

- Prosessen fram mot endeleg stortingsvedtak var lang, og med stor politisk ueinighet. Fleire prosjekt var inn og ut av planane, og mange er ueinige i det endelige vedtaket.
- Mange veit lite om Bypakke Ålesund, korleis vi jobbar og prosjekta vi skal gjennomføre.
- Bompengar tek mykje av merksemda.



- Det vil ta lang tid før vi ser resultata av prosjekta.
- Det vil bli krevjande å vise fram ein heilskapleg idé for prosjekta våre.
- Det vil ta lang tid å endre folks vaner i kvardagen.
- Samferdselsprioriteringar, bypakkar og bompengar er eit politisk krevjande terreng, og vi forventar ueinigheit knytt til prioriteringar og spørsmål om omkamp for Bypakke Ålesund.
- Enkeltprosjekt kan bli dyrare eller ta lengre tid enn planlagt. Erfaringar frå andre byar tydar på ekstra mykje støy når bompengefinansierte prosjekt har overskridingar, og i tillegg kan eventuelle overskridingar gi konsekvensar for andre prosjekt pga. porteføljestyringa.
- Nullvekstparadokset, det at vi skal bygge betre vegar samtidig som vi skal legge til rette for at folk kan reise meir miljøvennleg, er kommunikasjonsmessig utfordrande.

4. Korleis gjer vi det?

Målet med kommunikasjonsarbeidet er å sørge for at Bypakke Ålesund og prosjekta våre er synleg i regionen, og dermed auke kunnskapen og tilliten til det vi driv med. Mange av prosjekta i Bypakke Ålesund gir attraktiv byutvikling, og vi trur at mange vil sette stor pris på arbeidet vårt når prosjekta er ferdig. I tida framover blir det spesielt viktig å vise fram at vi endeleg er i gong ved å feire små og store spadetak, og å fortelje om alle dei gode prosjekta vi planlegg.

For å lykkast med kommunikasjonsarbeidet skal vi til ei kvar tid følgje nokre grunnleggjande kommunikasjonsprinsipp. Totalt sett skal desse prinsippa bidra til at vi gir eit godt inntrykk og dermed får eit godt omdøme.

Vi skal vere open, tilgjengeleg og imøtekommande.

- Vi skal jobbe målretta for at relevant informasjon når fram til alle aktuelle målgrupper.
- Vi skal legge til rette for ein open og opplyst samfunnsdebatt.
- Vi skal vere opne om både positiv og negativ informasjon.
- Vi skal praktisere meiroffentlegheit.
- Vi skal ha ein god dialog med og vere tilgjengeleg for media – også når vi møter utfordringar.
- Vi skal bidra til å setje agendaen ved å vere tidleg ute med informasjon om til dømes utvikling i prosjekt, økonomi og vedtak.
- Vi skal legge til rette for ein open og inkluderande prosess i prosjekta våre.
- Vi skal aktivt og i tide informere dei som blir ramma av byggearbeid.

Vi skal vere profesjonelle, kunnskapsbasert og lett å forstå.

- Vi skal vere saklege og profesjonelle.
- Vi skal fokusere på fakta, og vere open om vurderingane vi gjer.
- Vi skal korrigere faktafeil og misforståingar i samfunnsdebatten, og svare på kritikk når det er relevant.
- Vi skal bruke eit tydeleg og forståeleg språk.
- Vi skal nytte illustrasjonar, bilete og andre visuelle verkemiddel til å vise prosjekta våre.



Vi skal stå samla som Bypakke Ålesund.

- Vi skal sørge for at kommunikasjonen frå Bypakke Ålesund og dei tre partane opplevast som heilskapleg.
- Vi skal drive aktiv kulturbygging for å bygge fellesskap blant dei som jobbar med Bypakke Ålesund.
- Vi skal etablere gode rutinar for samarbeid mellom partane og internt hos partane.
- Vi skal vise korleis Bypakke Ålesund si portefølje av prosjekt er basert på ein heilskapleg tankegang og idé.
- Vi skal løfte blikket og fortelje om den heilskapelege planen når vi har felles prosjekt og prosjekt som ligg geografisk nærme kvarandre.
- Vi skal forklare korleis prosjekta heng saman, og korleis dei samla sett bidreg til positiv byutvikling.
- Vi skal alltid la det kome tydeleg fram i all kommunikasjon når prosjekta er ein del av Bypakke Ålesund si portefølje.

5. Kva kanalar skal vi nytte?

Dei primære kommunikasjonskanalane til Bypakke Ålesund er:

- **Nettsida** www.bypakkealesund.no: Nettsida vår skal alltid vere oppdatert, både med generell informasjon og informasjon om dei enkelte prosjekta. Vi skal til ei kvar tid svare på det folk lurar på, til dømes om bompengar, utvikling i prosjekta osv. Vi kan også nytte nettsida til å legge ut pressemeldingar, referat frå styringsgruppa, sentrale dokument, kommentere medieoppslag osv. Partane kan også nytte eigne nettsider til å informere om prosjekta sine der det er hensiktsmessig.
- **Sosiale media**: Bypakke Ålesund skal ha ei eiga Facebook-side. Denne skal dele eige innhald, samt dele vidare innhald frå partane sine sider. Vi skal også vurdere andre sosiale kanalar når Facebook-sida er godt etablert.
- **Media**: Regionale og lokale media er ein viktig kanal som må nyttast når det er viktig å nå ut til mange. Vi skal jobbe aktivt for å få merksemd i media både om Bypakke Ålesund generelt og om prosjekta våre. Media kan også nyttast til annonsering når ein har behov for å nå ut til mange på ein effektiv måte.
- **Politiske møter**: Vi skal jobbe aktivt med å skape politisk forankring hos politistarane i Ålesund kommune, fylkeskommunen og nærliggande kommunar ved å gi regelmessige oppdateringar og vere tilgjengeleg til å svare på spørsmål.

Vi skal samtidig nytte andre kanalar og verkemiddel til konkrete tiltak og kampanjar. Det kan til dømes vere informasjonsbrosjyre sendt i posten, innstikk eller annonsar i aviser, informasjonsfilm, kinoreklame, digitale annonsar etc.

6. Korleis skal vi jobbe med kommunikasjon i prosjekta?

Alle prosjekta i Bypakke Ålesund spelar ei viktig rolle i å bygge godt omdøme for Bypakke Ålesund. Prosjekta spelar ei viktig rolle i det inntrykket publikum har av bypakken, og det er derfor satt nokre minimumskrav til kommunikasjonsarbeidet i alle prosjekta.



- Prosjektsidene på nettsida vår skal til ei kvar tid vere oppdatert, og med eit minimum av informasjon:
 - o Kva skal vi gjer?
 - o Kvifor prioriterer vi dette prosjektet, og kva betyr dette prosjektet for området og måla til Bypakke Ålesund?
 - o Status
 - o Tidslinje med halvårsplanar
 - o Kven er byggherre?
 - o Kontaktperson
- Pressemeldingar og anna informasjon om prosjekta skal alltid nemne Bypakke Ålesund, og nytte logoen vår.
- Kwart prosjekt skal ha ein plan for når kommunikasjon kan vere aktuelt, for eksempel gjennom post på Facebook, sak på nettsida vår og/eller pressemelding. Dei fleste prosjekt bør som eit minimum kommunisere ved følgande aktivitetar:
 - o I forkant av oppstart: Til naboar og andre som blir ramma av arbeidet
 - o Oppstart av prosjektet: Før-bilete, illustrasjon av kva vi skal bygge og tekst om planane.
 - o Undervegs: Ved store milepelar, for eksempel tunnelgjennomtrenging, delopning etc.
 - o Ferdigstilling: Bilete før og no, vise fram kva dette betyr for dei som bur og brukar området.

7. Kven sitt ansvar er det?

Kommunikasjonsarbeidet er eit samarbeidsprosjekt mellom partane i Bypakke Ålesund. **Alle som jobbar med Bypakke Ålesund** har eit ansvar for å kommunisere sitt ansvarsområde. Det inkludera:

- Å vere tilgjengeleg til å svare på spørsmål.
- Å vere gode ambassadørar for Bypakke Ålesund.
- Å ha kjennskap til Bypakke Ålesund generelt, og eigne prosjekt spesielt.
- Å snarast orientere eigen kommunikasjonsrådgivar etter mediekontakt angående Bypakke Ålesund, bompengar eller nokon av prosjekta i bypakken.

Partane sitt ansvar:

- Alle partane har ansvar for kommunikasjonsarbeidet i sine prosjekt, inkludert å halde innhaldet på Bypakke Ålesund sine kanalar oppdatert.
- Alle partane har eit ansvar for at kommunikasjonsarbeidet er koordinert og heilskapleg.
- Alle partane må halde kvarandre gjensidig orientert ved medieinteresse.

Kommunikasjonsrådgivar i Bypakke Ålesund sitt ansvar:

- Vere rådgivar innan kommunikasjonsfaget til alle som jobbar med Bypakke Ålesund.
- Bidra til å bygge eit godt omdøme, og å auke kunnskapen om tiltaka i Bypakke Ålesund.
- Vere aktiv pådrivar og ansvarleg for overordna kommunikasjonstiltak.



- Produsere innhald i samarbeid med styringsgruppa, sekretariatet og fagmiljøa hos partane.
- Vere redaktør for nettside og sosiale media.
- Handtere spørsmål frå publikum i kanalane våre.
- Vere eit kontaktpunkt for media, og legge til rette for god dialog og informasjonsflyt.

Mediekontakt

Det er først og fremst styringsgruppa og sekretariatet som skal uttale seg til media på vegne av Bypakke Ålesund. I tillegg skal prosjektleiar uttale seg om sitt prosjekt.

Innføring av bompengar, plassering av bomstasjonar etc. er eit politisk val, og når det er mogleg skal politikarane sjølv svare på kritiske spørsmål knytt til dette. Samtidig er vi ein bompengefinansiert bypakke, og sekretariatet vil også måtte svare på spørsmål om bompengar. Når det gjeld praktiske spørsmål rundt innkrevjing av bompengar skal vi vise til bompengeselskapet Vegamot.

Vi skal alltid vere tilgjengeleg for media, og svare på det som kjem av spørsmål. Kommunikasjonsrådgivar for Bypakke Ålesund skal alltid orienterast ved mediekontakt angående Bypakke Ålesund, bompengar eller prosjekt i Bypakke Ålesund.

Dato: 11. mars 2022



Sak 5 – Oppstartsvedtak Snuplass Slinningen

Bakgrunn.

Styringsgruppa vedtok 28. januar budsjettet for 2022. Prosjekt 732 Hessafjordvn-Slinningen, snuplass ligg der inne med oppstart i år. Sekretariatet legg i denne saka fram prosjektbestilling med kostnadsoverslag for prosjektet, slik at styringsgruppa kan ta stilling til oppstart.

Prosjektet Hessafjordvn-Slinningen med snuplass låg i fagleg grunnlag inne som eit prioritert kollektivprosjekt med eit kostnadsoverslag på 26,6 mill. 2022-kroner. I vedtatt handlingsprogram er prosjektet delt i to, der Snuplass Slinningen blir gjennomført først og ligg inne med 4,5 mill. kroner i budsjettet for 2022. Resten av prosjektet ligg ikkje inne i handlingsprogrammet for 2022-2025, og er dermed føresett gjennomført etter 2025.

Prosjektet blir finansiert av Ålesund kommune sin eigenandel innanfor den økonomiske ramma til Bypakke Ålesund.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa vedtek at prosjekt 732 Snuplass Slinningen, kan starte opp i 2022. Prosjekteigar og byggherre er Ålesund kommune, og styringsramma for prosjektet er på 4,5 mill. 2022-kroner.

Vedlegg:

Prosjektbestilling med kostnadsoverslag.

Sak 6 – Årsrapport 2021

Bakgrunn.

Sekretariatet legg i denne saka fram årsrapport for 2021.

Vedlagt årsrapportdokument og rekneskapsdokument presenterer saka.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa vedtek årsrapport for Bypakke Ålesund slik den går fram av dokumentet Bypakke Ålesund – Årsrapport for 2021.

Styringsgruppa vedtek rekneskapen for Bypakke Ålesund slik den går fram av dokumentet Bypakke Ålesund – Rekneskap for 2021.

Bypakke Ålesund



Bildet er fra Sjøgata i Ålesund.

Årsrapport for 2021

Innhald

Innleiing.....	3
Økonomi	3
Nærare omtale av prosjekt og aktivitet i 2021	7
Statens vegvesen	7
Møre og Romsdal fylkeskommune.....	7
Ålesund kommune	7

Innleiing

Bypakke Ålesund er eit samarbeidsprosjekt mellom Ålesund kommune, Møre og Romsdals fylkeskommune og Statens vegvesen, for å løyse samferdselsutfordringar i Ålesund med mål om å få fleire til å sykle, gå og reise med kollektiv.

I juni 2021 vart bypakka vedtatt i Stortinget med ei samla økonomisk ramme på om lag 4,0 mrd. 2021-kroner. Finansieringa av pakka er basert på innkrevjing av bompengar, samt statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar. I tillegg kjem meirverdiavgift som staten refunderer for prosjekt i pakka. Bypakke Ålesund vil ha ein innkrevjingsperiode på inntil 15 år, med oppstart i 2022.

Året som har gått har i stor grad vore prega av at bypakka er i oppstartsfasen, der storparten av aktiviteten har vore klargjering av prosjekter for oppstart. Ein har likevel hatt byggestart på tre strakstiltak i løpet av året, og eitt av desse tiltaka vart ferdigstilt i 2021. Aktiviteten i 2021 er finansiert av statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar.

Med ei bypakke i oppstartsfasen har det vore viktige område innanfor kommunikasjon som ein har jobba med gjennom året. Nettsida for bypakka vart lansert i 2021 og ein har gjennomført ei innbyggjarundersøking for å få informasjon om haldningar til bypakka og kunnskap om bypakka.

Økonomi

I mars vedtok styringsgruppa eit budsjett for 2021 på 19,4 mill. kroner. Med atterhald om tilslutning frå partane, så skulle desse midlane forskotterast av partane med ei slik fordeling:

- | | |
|----------------------------------|------------------|
| - Statens vegvesen: | 9,5 mill. kroner |
| - Møre og Romsdal fylkeskommune: | 3,0 mill. kroner |
| - Ålesund kommune: | 6,9 mill. kroner |

Ein føresette eit vedtak av bypakka i Stortinget i løpet av året, men påpeika også at endra framdrift kunne innebære at budsjettet måtte justerast. Det vart gjort nokre mindre endringar i budsjettet i mai, då styringsgruppa vedtok oppstart av tre strakstiltak for kollektiv og TS. Utbyggingsplanen var ikkje klar då budsjettet vart vedtatt, og dette har påverka det endelege rekneskapsresultatet ved at ein har innretta seg etter framdrifta skissert i den. Utbyggingsplanen vart først klar i styringsgruppa i august.

Tabell 1 – Samla rekneskap for Bypakke Ålesund for 2021.

Rekneskap for Bypakke Ålesund for 2021

Nr.	Prosjekt	Budsjett	Rekneskap	Avvik
1	E136 Brosundbro, Waterfront/Posthuskrys	1 000 000	3 012 042	2 012 042
2	Kollektivterminal – gateterminal i Keiser Wilhelms gt	2 750 000	2 098 379	-651 621
3	E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus	1 500 000	931 504	-568 496
4	Kollektivknutepunkt ved Campus Ålesund	2 500 000	1 243 184	-1 256 816
5	E136 Breivika-Lerstad	2 500 000	6 340 303	3 840 303
6	E136 Lerstadtoppen-Campus	500 000	159 734	-340 266
7	Gang- og sykkelveg, trafiksikkerhet og kolla	3 363 000	1 932 578	-1 430 422
8	Fv. 60 Blindheim-Flisnes med lokalveger	0	36 175	36 175
9	E39 Myrland, påkjøringsrampe	0	0	0
10	Bomstasjoner	1 500 000	725 485	-774 515
11	Planlegging og prosjektering	3 690 000	2 655 802	-1 034 198
Sum Bypakke Ålesund		19 303 000	19 135 186	-167 814

Ser ein på rekneskapen for Bypakke Ålesund under eitt, så er forbruket i 2021 på 19,1 mill. kroner omtrent på budsjettet som var på 19,3 mill. kroner for året. Ser ein på enkeltprosjekt og fordeling mellom partane, er det likevel avvik frå budsjettet som var vedtatt i mars. Det er vesentlege meirforbruk på årsbudsjettet for E136 Brosundbro/Waterfront og E136 Breivika-Lerstad. Dette skuldast at det har vore gjort ein stor prosjekteringsjobb med vurdering av løysingar for E136 Brosundbro/Waterfront. På E136 Breivika-Lerstad har det vore større aktiviteten enn føresett som følgje av at ein har jobba med ei omregulering, samt at det har vore gjort eit meir omfattande arbeid enn først tenkt knytt til utarbeiding av førebuande entreprise for tunnelen.

Meirforbruket på årsbudsjettet for enkelte prosjekt, har ingen betydning for sluttprognosen for prosjekta, men er kun eit uttrykk for at aktiviteten har vore større for desse prosjekta i år enn ein såg for seg då budsjettet vart vedtatt.

Tabell 2 – Rekneskap for Statens vegvesen sine prosjekt.

Statens vegvesen

Nr.	Prosjekt	Budsjett	Rekneskap	Avvik
1	E136 Brosundbro, Waterfront/Posthuskrys	1 000 000	3 012 042	2 012 042
3	E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus	1 500 000	931 504	-568 496
4	Kollektivknutepunkt ved Campus Ålesund	2 500 000	1 204 735	-1 295 265
5	E136 Breivika-Lerstad	2 500 000	6 340 303	3 840 303
6	E136 Lerstadtoppen-Campus	500 000	159 734	-340 266
9	E39 Myrland, påkjøringsrampe	0		
10	Bomstasjoner	1 500 000	725 485	-774 515
Sum Statens vegvesen		9 500 000	12 373 803	2 873 803

For Statens vegvesen sine prosjekt er det eit meirforbruk på til saman 2,8 mill. kroner. Dette vart i 2021 dekket av Statens vegvesen sjølv, gjennom forskottering av tildeling.

Tabell 3 – Rekneskap for Møre og Romsdal fylkeskommune sine prosjekt.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Nr.	Prosjekt	Budsjett	Regnskap	Avvik
2	Kollektivterminal – gateterminal i Keiser Wilhelms gt	800 000	609 409	-190 591
8	Fv. 60 Blindheim-Flisnes med lokalveger	0		
	Sum	800 000	609 409	-190 591
Post 7 - Sekkepost sykkel, gange, kollektiv, TS				
Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Budsjett	Regnskap	Avvik
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm.	1 500 000	1 426 199	-73 801
	Sum	1 500 000	1 426 199	-73 801
Post 11 - Planlegging og prosjektering				
Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Budsjett	Regnskap	Avvik
702	Sykkelveg ved Volsdalenskole	400 000	636 478	236 478
704	Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua	300 000	300 809	809
761	Strakstiltak TS	0	124 000	124 000
	Sum	700 000	1 061 287	361 287
Sum Møre og Romsdal fylkeskommune		3 000 000	3 096 895	96 895

For Møre og Romsdal fylkeskommune sine prosjekt er det eit meirforbruk på 0,1 mill. kroner. Ein har brukt litt meir frå post 11 Planlegging og prosjektering, samstundes som ein har eit lite mindreforbruk på kollektivknutepunktet i sentrum og strakstiltak for kollektiv.

Tabell 4 – Rekneskap for Ålesund kommune sine prosjekt.

Ålesund kommune

Nr.	Prosjekt	Budsjett	Rekneskap	Avvik
2	Kollektivterminal – gateterminal i Keiser Wilhelms gt	1 950 000	1 488 970	-461 030
4	Kollektivknutepunkt ved Campus Ålesund		38 449	38 449
8	Fv. 60 Blindheim-Flisnes med lokalveger		36 175	36 175
	Sum	1 950 000	1 563 594	-386 406
Post 7 - Sekkepost sykkel, gange, kollektiv, TS				
Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Budsjett	Rekneskap	Avvik
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Kommune	1 334 000	178 513	-1 155 487
732	Hessafjordvn-Slinningen med snuplass (kollektivtiltak 2)		125 336	125 336
761-1	TS-strakstiltak, Gangfeltsikring Volsdalen	264 500	40 847	-223 653
761-2	TS-strakstiltak, Gangfeltsikring Setrevegen	264 500	49 187	-215 313
762	Fortau Ytre Hessen(fra skolen)		50 726	50 726
764	Myrlandsvn fortau, del 1		30 885	30 885
765	TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum, mindre tiltak		30 885	30 885
	Sum	1 863 000	506 379	-1 356 621
Post 11 - Planlegging og prosjektering				
Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Budsjett	Rekneskap	Avvik
112	Kommunikasjon	780 000	505 974	-274 026
113	Planlegging av sykkeltiltak - Kommune	450 000	383 170	-66 830
114	Planlegging av kollektivtiltak - Kommune	460 000	374 984	-85 016
115	Planlegging av TS-tiltak - Kommune	0	330 387	330 387
703	Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum	180 000	0	-180 000
732	Hessafjordvn-Slinningen med snuplass	340 000	0	-340 000
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	240 000	0	-240 000
734	Fremkommelighet- Aspøya	90 000	0	-90 000
762	Fortau Ytre Hessen(fra skolen)	150 000	0	-150 000
764	Myrlandsvn fortau, del 1	150 000	0	-150 000
765	TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum, mindre tiltak	150 000	0	-150 000
	Sum	2 990 000	1 594 515	-1 395 485
Sum Ålesund kommune		6 803 000	3 664 488	-3 138 512

For Ålesund kommune sine prosjekt er det eit mindreforbruk på til saman 3,1 mill. kroner i 2021. Dette skuldast i stor grad redusert planleggingsaktivitet over post 11, samt at prosjekta på post 7 som skulle starte i 2021 har noko forsinka framdrift.

761-1 Gangfeltsikring Volsdalen og 761-2 Gangfeltsikring Setrevegen skulle opprinneleg ferdigstillast i 2021, men vert no ferdigstilt i løpet av våren 2022. 731-1 Kollektivhaldeplass Spjelkavik sentrum var òg tenkt ferdigstilt i 2021, men her er framdrifta forsinka og ein held på med detaljregulering.

Nærare omtale av prosjekt og aktivitet i 2021

Statens vegvesen

- E136 Brosundbro, Waterfront – Prosjektering og omprosjektering, arbeid med trafikkkløysing i sentrum.
- E136 Breivika-Lerstad - Omregulering på Lerstadtunnelen og prosjektering av førebuande entrepriser. Oppstart for prosjektet i 2022.
- Kollektivknutepunkt Campus - Prosjektert og lagt fram forslag til løysing for torg og kollektivstopp.
- Kollektivknutepunkt Ålesund sjukehus – Har arbeid med prosjektering. Oppstart for prosjektet i 2022.
- Bomstasjonar – Detaljprosjektering. Oppstart og ferdigstilling i 2022.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Prosjektet 731 Signalprioritering for buss i Ålesund vart ferdigstilt i desember 2021, som planlagt. Kostnadene var noko under kostnadsoverslaget.

- Bidrege i kommunen sitt forprosjekt for kollektivknutepunktet i Ålesund sentrum, og planlagt for oppstart byggeplanlegging i 2022.
- Saman med Ålesund kommune vurdert sykkelløysingane for 702 Sykkelfelt Volsdalen skole og 704 sykkelveg Tonningsgate-Steinvågbrua.
- Saman med Statens vegvesen og Ålesund kommune prioritert TS-tiltak og sykkeltiltak, slik at byggeplanleggingen for strakstiltaka kan starte i 2022.
- Saman med Statens vegvesen og Ålesund kommune utarbeida Plan for utvikling av busstilbod i Ålesund byområde fram mot 2030.

Ålesund kommune

- Satt i gang planlegging og prosjektering av strakstiltak for sykkel, kollektiv og trafikkssikkerhet
- Leia arbeidet med forprosjekt for kollektivknutepunktet i Ålesund sentrum, som blir eit viktig kollektivtiltak i Bypakke Ålesund.
- Bidratt i arbeidet med Plan for utvikling av busstilbod i Ålesund byområde fram mot 2030.
- Bidratt i arbeidet med tilrettelegging for sykkel i Bypakke-prosjekta til Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens vegvesen. Målet er å sikre heilskapleg og samanhengande sykkelplanlegging.
- Kommunikasjonsrådgivar for bypakka er tilsett.
- Eiga nettside for Bypakke Ålesund: www.bypakkealesund.no

Rekneskap for Bypakke Ålesund for 2021

Alle tal i 2021-kroner

All aktivitet i 2021 er finansiert av partene med egne midler. Det er ikkje trukke opp bompenger i 2021.

Nr.	Prosjekt	Budsjett	Rekneskap	Avvik
1	E136 Brosundbro, Waterfront/Posthuskrysset	1 000 000	3 012 042	2 012 042
2	Kollektivterminal – gateterminal i Keiser Wilhelms gt	2 750 000	2 098 379	-651 621
3	E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus	1 500 000	931 504	-568 496
4	Kollektivknutepunkt ved Campus Ålesund	2 500 000	1 243 184	-1 256 816
5	E136 Breivika-Lerstad	2 500 000	6 340 303	3 840 303
6	E136 Lerstadtoppen-Campus	500 000	159 734	-340 266
7	Gang- og sykkelveg, trafiksikkerhet og kollektiv	3 363 000	1 932 578	-1 430 422
8	Fv. 60 Blindheim-Flisnes med lokalveger	0	36 175	36 175
9	E39 Myrland, påkjøringsrampe	0	0	0
10	Bomstasjoner	1 500 000	725 485	-774 515
11	Planlegging og prosjektering	3 690 000	2 655 802	-1 034 198
Sum Bypakke Ålesund		19 303 000	19 135 186	-167 814

Statens vegvesen

Nr.	Prosjekt	Budsjett	Rekneskap	Avvik
1	E136 Brosundbro, Waterfront/Posthuskrysset	1 000 000	3 012 042	2 012 042
3	E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus	1 500 000	931 504	-568 496
4	Kollektivknutepunkt ved Campus Ålesund	2 500 000	1 204 735	-1 295 265
5	E136 Breivika-Lerstad	2 500 000	6 340 303	3 840 303
6	E136 Lerstadtoppen-Campus	500 000	159 734	-340 266
9	E39 Myrland, påkjøringsrampe	0		
10	Bomstasjoner	1 500 000	725 485	-774 515
Sum Statens vegvesen		9 500 000	12 373 803	2 873 803

Møre og Romsdal fylkeskommune

Nr.	Prosjekt	Budsjett	Regnskap	Avvik
2	Kollektivterminal – gateterminal i Keiser Wilhelms gt	800 000	609 409	-190 591
8	Fv. 60 Blindheim-Flisnes med lokalveger	0		
Sum		800 000	609 409	-190 591

Post 7 - Sekkepost sykkel, gange, kollektiv, TS

Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Budsjett	Regnskap	Avvik
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm.	1 500 000	1 426 199	-73 801
Sum		1 500 000	1 426 199	-73 801

Post 11 - Planlegging og prosjektering

Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Budsjett	Regnskap	Avvik
702	Sykkelveg ved Volsdalenskole	400 000	636 478	236 478
704	Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua	300 000	300 809	809
761	Strakstiltak TS	0	124 000	124 000
Sum		700 000	1 061 287	361 287
Sum Møre og Romsdal fylkeskommune		3 000 000	3 096 895	96 895

Ålesund kommune

Nr.	Prosjekt	Budsjett	Rekneskap	Avvik
2	Kollektivterminal – gateterminal i Keiser Wilhelms gt	1 950 000	1 488 970	-461 030
4	Kollektivknutepunkt ved Campus Ålesund		38 449	38 449
8	Fv. 60 Blindheim-Flisnes med lokalveger		36 175	36 175
Sum		1 950 000	1 563 594	-386 406

Post 7 - Sekkepost sykkel, gange, kollektiv, TS

Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Budsjett	Rekneskap	Avvik
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Kommune	1 334 000	178 513	-1 155 487
732	Hessafjordvn-Slinningen med snuplass (kollektivtiltak 2)		125 336	125 336
761-1	TS-strakstiltak, Gangfeltsikring Volsdalen	264 500	40 847	-223 653
761-2	TS-strakstiltak, Gangfeltsikring Setrevegen	264 500	49 187	-215 313
762	Fortau Ytre Hessen(fra skolen)		50 726	50 726
764	Myrlandsvn fortau, del 1		30 885	30 885
765	TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum, mindre tiltak		30 885	30 885
Sum		1 863 000	506 379	-1 356 621

Post 11 - Planlegging og prosjektering

Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Budsjett	Rekneskap	Avvik
112	Kommunikasjon	780 000	505 974	-274 026
113	Planlegging av sykkeltiltak - Kommune	450 000	383 170	-66 830
114	Planlegging av kollektivtiltak - Kommune	460 000	374 984	-85 016
115	Planlegging av TS-tiltak - Kommune	0	330 387	330 387
703	Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum	180 000	0	-180 000
732	Hessafjordvn-Slinningen med snuplass	340 000	0	-340 000
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	240 000	0	-240 000
734	Fremkommelighet- Aspøya	90 000	0	-90 000
762	Fortau Ytre Hessen(fra skolen)	150 000	0	-150 000
764	Myrlandsvn fortau, del 1	150 000	0	-150 000
765	TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum, mindre tiltak	150 000	0	-150 000
Sum		2 990 000	1 594 515	-1 395 485
Sum Ålesund kommune		6 803 000	3 664 488	-3 138 512

Sum Bypakke Ålesund		19 303 000	19 135 186	-167 814
---------------------	--	------------	------------	----------

Bypakke Ålesund - Rapportering pr. desember 2021

Alle tal i 2021-kroner

Alle poster

Nr.	Prosjekt	Prosjekteier	Styrings- ramme	Slutt- prognose	Avvik 1	Budsjett	Regnskap	Avvik 2	Byggestart		Ferdig/trafikkåpning	
									Opprinnelig planlagt	Prognose/ faktisk	Opprinnelig planlagt	Prognose/ faktisk
1	E136 Brosundbro, Waterfront/Posthuskrysset	Ove Nesje	298 000 000	298 000 000		1 000 000	3 012 042	2 012 042	2022-06	2023-06	2023-12	2024-12
2	Kollektivterminal – gateterminal i Keiser Wilhelms gt	AK - Intern styringsgruppe for BP Ålesund	83 100 000	83 100 000		2 750 000	2 098 379	-651 621		2023-02		2024-07
3	E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus	Ove Nesje	59 200 000	67 200 000	8 000 000	1 500 000	931 504	-568 496	2022-06	2022-06	2023-10	2023-10
4	Kollektivknutepunkt ved Campus Ålesund	Ove Nesje	272 000 000	272 000 000		2 500 000	1 243 184	-1 256 816	2024-02	2024-02	2025-12	2025-12
5	E136 Breivika-Lerstad	Ove Nesje	2 085 900 000	2 085 900 000		2 500 000	6 340 303	3 840 303	2022-03	2022-03	2026-07	2026-07
6	E136 Lerstadtoppen-Campus	Ove Nesje	460 000 000	460 000 000		500 000	159 734	-340 266	2024-01	2024-01	2028-07	2028-07
7	Gang- og sykkelveg, trafiksikkerhet og kollektiv	-	290 700 000	282 700 000	-8 000 000	3 363 000	1 932 578	-1 430 422				
8	Fv. 60 Blindheim-Flisnes med lokalveger	Ole Jan Tønnesen	328 100 000	328 100 000			36 175	36 175		2024-01		2026-05
9	E39 Myrland, påkjøringsrampe	Ove Nesje	51 900 000	51 900 000								
10	Bomstasjoner	Ove Nesje	41 500 000	41 500 000		1 500 000	725 485	-774 515	2021-12	2021-12	2022-04	2022-04
11	Planlegging og prosjektering	-	51 900 000	51 900 000		3 690 000	2 655 802	-1 034 198				
Sum			4 022 300 000	4 022 300 000		19 303 000	19 135 186	-167 814				

Post 7 - Sekkepost sykkel, gange, kollektiv, TS

Prosjekt prioritert i sekkepost	Prosjekteier	Styrings- ramme	Slutt- prognose	Avvik 1	Budsjett	Regnskap	Avvik 2
Ålesund kommune	ÅK - Intern styringsgruppe for BP	1 863 000			1 863 000	506 379	-1 356 621
Møre og Romsdal fylkeskommune	Ole Jan Tønnesen	1 500 000	1 500 000		1 500 000	1 426 199	-73 801
Statens vegvesen	Ove Nesje	15 000 000	15 000 000				
Sum		18 363 000	16 500 000		3 363 000	1 932 578	-1 430 422

Post 11 - Planlegging og prosjektering

Prosjekt prioritert i sekkepost	Budsjett	Regnskap	Avvik 2
Ålesund kommune	2 990 000	1 594 515	-1 395 485
Møre og Romsdal fylkeskommune	700 000	1 061 287	361 287
Statens vegvesen			
Sum	3 690 000	2 655 802	-1 034 198

Rapportering pr. desember 2021 - Ålesund kommune

Legg inn i kolonner markert med pil.

Store prosjekter

Store prosjekter

Nr.	Prosjekt	Prosjekteier	Prosjektleder	Styrings- ramme	↓	Avvik 1	Budsjett	↓	Avvik 2	Byggestart		Ferdig/trafikkåpning	
					Slutt- prognose			Regnskap		Opprinnelig planlagt	Prognose/ faktisk	Opprinnelig planlagt	Prognose/ faktisk
2	Kollektivterminal – gateterminal i Keiser Wilhelms gt			83 100 000			1 950 000	1 488 970	-461 030				
4	Kollektivknutepunkt ved Campus Ålesund							38 449	38 449				
8	Fv. 60 Blindheim-Flisnes med lokalveger			328 100 000				36 175	36 175				
	Sum			411 200 000			1 950 000	1 563 594	-386 406				

Post 7 - Sekkepost sykkel, gange, kollektiv, TS

Post 7 - Sekkepost sykkel, gange, kollektiv, TS													
Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Prosjekteier	Prosjektleder	Styrings- ramme	↓ Slutt- prognose	Avvik 1	Budsjett	↓ Regnskap	Avvik 2	Byggestart		Ferdig/trafikkåpning	
										Opprinnelig planlagt	Prognose/ faktisk	Opprinnelig planlagt	Prognose/ faktisk
702	Fv. 399 Sykkelveg/ felt Borgundvegen ved Volsdalenskole (Sykkeltiltak 2)	Møre og Romsdal Fylkeskommune	Torbjørn Vatnehol										
703	Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum												
704	Sykkelveg Skarbøvika, fra Tonningsgt. - Steinvågbrua (Sykkeltiltak 2)	Møre og Romsdal Fylkeskommune	Torbjørn Vatnehol										
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm - Kommune	ÅK - Intern styringsgruppe for BP Ålesund	Helene Voren	1 334 000			1 334 000	178 513	-1 155 487			2021-12	2022
732	Hessafjordvn-Slinningen med snuplass (kollektivtiltak 2)	ÅK	Jan Magnus Myrstad					125 336	125 336				
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	SVV / MRF / ÅK											
734	Fremkommelighet- Aspøya												
761-1	TS-strakstiltak, Gangfeltsikring Volsdalen	ÅK - Intern styringsgruppe for BP Ålesund	Johanne Urkedal Koppen	264 500			264 500	40 847	-223 653	2021-08		2021-11	
761-2	TS-strakstiltak, Gangfeltsikring Setrevegen	ÅK - Intern styringsgruppe for BP Ålesund	Johanne Urkedal Koppen	264 500			264 500	49 187	-215 313	2021-08		2021-11	
762	Fortau Ytre Hessen(fra skolen)							50 726	50 726				
764	Myrlandsvn fortau, del 1	ÅK						30 885	30 885				
765	TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum, mindre tiltak	ÅK						30 885	30 885				
Sum				1 863 000			1 863 000	506 379	-1 356 621				

Post 11 - Planlegging og prosjektering

Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	↓		
		Budsjett	Regnskap	Avvik 2
112	Kommunikasjon	780 000	505 974	-274 026
113	Planlegging av sykkeltiltak - Kommune	450 000	383 170	-66 830
114	Planlegging av kollektivtiltak - Kommune	460 000	374 984	-85 016
115	Planlegging av TS-tiltak - Kommune		330 387	330 387
703	Sykkelveg/felt Volsdalen til sentrum	180 000		-180 000
732	Hessafjordvn-Slinningen med snuplass	340 000		-340 000
733	Fremkommelighet- Sentrum-Volsdalen	240 000		-240 000
734	Fremkommelighet- Aspøya	90 000		-90 000
762	Fortau Ytre Hessen(fra skolen)	150 000		-150 000
764	Myrlandsvn fortau, del 1	150 000		-150 000
765	TS-tiltak skoleveg Aspøy skole og sentrum, mindre tiltak	150 000		-150 000
Sum		2 990 000	1 594 515	-1 395 485

Rapportering pr. desember 2021 - Møre og Romsdal fylkeskommune

Legg inn i kolonner markert med pil.

Store prosjekter

				↓			↓			↓		↓	
Nr.	Prosjekt	Prosjekteier	Prosjektleder	Styrings- ramme	Slutt- prognose	Avvik 1	Budsjett	Regnskap	Avvik 2	Byggestart		Ferdig/trafikkåpning	
										Opprinnelig planlagt	Prognose/ faktisk	Opprinnelig planlagt	Prognose/ faktisk
2	Kollektivterminal – gateterminal i Keiser Wilhelms gt			83 100 000	83 100 000		800 000	609 409	-190 591	2023-02		2024-07	
8	Fv. 60 Blindheim-Flisnes med lokalveger	Ole Jan Tønnesen	Torbjørn Vatnehol	328 100 000	328 100 000					2024-01		2026-05	
Sum				83 100 000	83 100 000		800 000	609 409	-190 591				

Post 7 - Sekkepost sykkel, gange, kollektiv, TS

				↓			↓			↓		↓	
Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Prosjekteier	Prosjektleder	Styrings- ramme	Slutt- prognose	Avvik 1	Budsjett	Regnskap	Avvik 2	Byggestart		Ferdig/trafikkåpning	
										Opprinnelig planlagt	Prognose/ faktisk	Opprinnelig planlagt	Prognose/ faktisk
731	Strakstiltak kollektiv signalprioritering mm.	Ole Jan Tønnesen	Torbjørn Vatnehol	1 500 000	1 500 000		1 500 000	1 426 199	-73 801	2021-10		2021-12	2021-12
Sum				1 500 000	1 500 000		1 500 000	1 426 199	-73 801				

Post 11 - Planlegging og prosjektering

		↓		
Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Budsjett	Regnskap	Avvik 2
702	Sykkelveg ved Volsdalenskole	400 000	636 478	236 478
704	Sykkelveg Tonningsgt-Steinvågbrua	300 000	300 809	809
761	Strakstiltak TS		124 000	124 000
Sum		700 000	1 061 287	361 287

Rapportering pr. desember 2021 - Statens vegvesen

Legg inn i kolonner markert med pil.

Store prosjekter

Prosjekteier: Ove Nesje
Prosjektleder: Ole Kristian Birkeland

Nr.	Prosjekt	Styrings- ramme	↓ Slutt- prognose	Avvik 1	Budsjett	↓ Regnskap	Avvik 2	Byggestart		Ferdig/trafikkåpning	
								Opprinnelig planlagt	Prognose/ faktisk	Opprinnelig planlagt	Prognose/ faktisk
1	E136 Brosundbro, Waterfront/Posthuskrysset	298 000 000	298 000 000		1 000 000	3 012 042	2 012 042	2022-06	2023-06	2023-12	2024-12
3	E136 Kollektivknutepunkt ved Ålesund sjukehus	59 200 000	67 200 000	8 000 000	1 500 000	931 504	-568 496	2022-06	2022-06	2023-10	2023-10
4	Kollektivknutepunkt ved Campus Ålesund	272 000 000	272 000 000		2 500 000	1 204 735	-1 295 265	2024-02	2024-02	2025-12	2025-12
5	E136 Breivika-Lerstad	2 085 900 000	2 085 900 000		2 500 000	6 340 303	3 840 303	2022-03	2022-03	2026-07	2026-07
6	E136 Lerstadtoppen-Campus	460 000 000	460 000 000		500 000	159 734	-340 266	2024-01	2024-01	2028-07	2028-07
9	E39 Myrland, påkjøringsrampe	51 900 000	51 900 000								
10	Bomstasjoner	41 500 000	41 500 000		1 500 000	725 485	-774 515	2021-12	2021-12	2022-04	2022-04
Sum		3 268 500 000	3 276 500 000	8 000 000	9 500 000	12 373 803	2 873 803				

Post 7 - Sekkepost sykkel, gange, kollektiv, TS

Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Styrings- ramme	↓ Slutt- prognose	Avvik 1	Budsjett	↓ Regnskap	Avvik 2	Byggestart		Ferdig/trafikkåpning	
								Opprinnelig planlagt	Prognose/ faktisk	Opprinnelig planlagt	Prognose/ faktisk
	E136 Busslommer Moa	15 000 000	15 000 000						2022-06		
Sum		15 000 000	15 000 000								

Post 11 - Planlegging og prosjektering

Nr.	Prosjekt prioritert i sekkepost	Budsjett	↓ Regnskap	Avvik 2
Sum				